



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 34/2020

Møtedato: 29.09.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandler: Lars Kvissel

Utlysing av stilling som fjelloppsyn I/dagleg leiar

Fjelloppsyn I Harald Ranum ynskjer å ta ut deltidspensjon og fjellstyret skal behandle denne søknaden i sak 33/20. Fjellstyret har drøfta dette tidlegare og det er i framlegg til vedtak innstilt på at Ranum får godkjent søknad om å halde fram i inntil 20 % stilling. Uavhengig om Ranum slutter heilt eller held fram i 20% stilling, vil det bli behov for ny dagleg leiar. Fjellstyret må derfor tilsetja ny dagleg leiar som kan begynne våren 2021.

Alternativ løysingar er å lyse stillinga ledig via nett/aviser eller å lyse stillinga ut internt i fjellstyret. Det er ikkje noko i lovverket som hindrar intern utlysing. Dette er klarert med Norges fjellstypesamband. Fjellstyret har ein fast tilsett som har utdanning med naturfagleg bakgrunn og han har no stillinga som fjelloppsyn II. Aktuell arbeidstakar, Kenneth Monsen, har arbeidd for fjellstyret i deltid frå 2008 og som fast 60% stilling frå 2017.

Ved ei intern utlysing vil ein sikre å føre vidare erfaring han har frå 2008. Sjølv ved ei ekstern utlysing er det sannsynleg at Monsen ville få jobben. Det er mange som vil legge mykje arbeid i ein søknad og det på ein måte ikkje rett å lyse ut ei stilling som truleg vil få intern tilsetting. For fjellstyret vil det også krevja store ressursar med annonsering og jobbintervju.

Fjellstyret har i dag ca. 1,7 årsverk. Dette er fordelt på 1 årsverk som dagleg leiar/fjelloppsyn I, 60% stilling som fjelloppsyn II og 10 % som ferievikar. Det vil bli ledig ny jobb som fjelloppsyn i ca. 30-40 % stilling og ny dagleg leiar vil ha ansvar for tilsetting jf. tidlegare delegasjonsvedtak. Det er ein del oppsparte lønnsmidlar grunna sjukmelding og det er derfor aktuelt å utvide stilling som fjellsoppsyn II til 100 % stilling frå 1.1.21 og fram til noverande dagleg leiar går over i redusert stilling våren 2021.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek å lyse ut stilling som dagleg leiar ledig frå våren 2021 gjennom intern utlysing.

Vedtak:

Som forslaget, samrøystes